

Referat, soknerådsmøte i Moster

tysdag 14.01. 2019 kl.19.00.

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Camilla Rubach, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Heidi Torkelsen Fagervik, Gerda Bondø, og Aksel Lygre.

Sak 01 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 10.12.19 og av innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 02 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.

Medlemmer til diakoninemnda og trusopplæringsutvalet: Nokre er spurde, men ingen har sagt ja, enno.

Nye teikneark for tredje tekstrekka: Leif Magne ordnar dette.

Sak 03 – 2020 Årsmelding

Me såg over endringar i tekst frå dei tilsette, diakoniutvalet, trusopplæringsutvalet og kyrkjemusikalsk utval. Me gjekk gjennom «Oppsummering av innsatsområde og målsettingar i 2019.» Når det gjeld «Innsatsområde og målsettingar for 2020» så bør oversikta vera konkret og tydeleg om kven som har ansvaret og når det skal vera ferdig.

AU legg fram fylgjande konkrete forslag: Sjå tekst i årsmeldinga. Endeleg vedtak 18.02.20.

Soknerådet vert beden om å lese gjennom «framlegg til årsmelding for 2019» til neste møte den 18.02.20

Sak 04 – 2020 Disponering av overskot frå 2019

Vedtak:

-Soknerådet overfører 20% av summen som kom inn på giroblankettane i 2019 til orgelfondet. Summen vert konkret når rekneskapen er ferdig.

-Soknerådet overfører midlar frå disposisjonsfondet til dekking av underskot for rekneskapen for 2019.

-Soknerådet overfører 45.000 kroner frå disposisjonsfondet til orgelfondet.

Sak 05 – 2019 Referat og meldingar

- Samrådsmøte. Vert i Håvik Bedehus den 04.02.20
- Orgelkomiteen: Brosjyre til alle husstandar i Moster sokn, og eventuelt anna info

- Frå fellesrådet. Det vert møte den 15.01.20
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Per Harald Gjerde
skrivar